



Figur 1.5.4.1

Resultat frå bestandsutrekningar av nordaustarktisk vanleg uer som stadfestar utviklinga observert på instittets tokt og frå data samla inn frå fiskeria. Områda viser totalbestand av 3 år og eldre vanleg uer (mørkt + lyst område), gytebestand (15 år og eldre fisk; lyst område), og rekruttering til bestanden (antal 3–6 åringar; søyler). *Sebastes marinus* in Sub-areas I and II. Stock biomass (in tonnes) for the total stock (3+) (dark + light areas), and the fishable and mature stock (15+) (light area), as estimated by an analytical assessment model (Gadget). The recruitment to the stock is shown as the numbers of 3–6 year olds (bars).

**Figur 1.5.4.2**

Nesten 100 års fangsthistorie for nordaustarktisk vanleg uer. Raud del av søylene viser norske landingar (i tusen tonn), blå del av andre land sin rapporterte fangst. *Sebastes marinus* in Sub-areas I and II. Total international landings 1908–2006 (in thousand tonnes) presented as Norwegian landings (red bars) and reported catches taken by other countries (blue bars).



Golden redfish (*Sebastes marinus*) in ICES sub-areas I and II

The low abundance of pre-recruit fish in recent years' surveys, followed by a decreased survey abundance of fishable biomass confirmed by reduced commercial catch rates, are all signs of a major stock decline. The stock is expected to decrease further in the next years, even

without fishing, given the poor recruitment history. It is of vital importance that the juvenile age classes be given the strongest protection from being caught as by-catch in any fishery. This will ensure that the recruiting year classes can contribute as much as possible to slowing down the

stock decline. Current regulation measures are insufficient to rebuild the stock. More stringent protective measures should be implemented, such as an extension of the limited moratorium and a further improvement of the trawl by-catch regulations.

1.5.5 SNABELUER

Kjell Nedreaas

kjell.nedreaas@imr.no

► Status og råd

Toktresultat viser at bestanden er nær eit historisk lavmål (Figur 1.5.5.1). Dei einaste årsklassane som kan bidra til gytebestanden i nemneverdig grad, er dei som vart fødte før 1991, sidan dei etterfølgjande 15 årsklassane er svært svake. Ei gradvis betre rekruttering av snabelueryngel i Barentshavet dei siste åra gjev likevel von om framtidig bestandsoppbygging. Det avheng også av at årsklassane før


1991 (som det blir fiska på i Norskehavet) blir verna sidan desse utgjer den einaste moglegheita for å auke gytebestanden og rekrutteringa dei næraste åra. Dette vernet må difor også inkludere dei pelagiske fiskeria i Norskehavet. Bestanden av snabeluer vil ikkje kunne gje grunnlag for eit direkte fiskeri på mange år. Den er klassifisert blant sårbare artar på den norske 'Raudlista'.

ICES tilrår at forbod mot direkte trålfiske, stenging av område og lav tillaten bifangst blir oppretthaldne. Dette gjeld inntil tokt-

resultat kan vise til ein klar auke i gytebestand og yngelførekomsstar. Det synest nødvendig med betre reguleringar for å unngå fangst av snabeluer i dei pelagiske fiskeria i Norskehavet.

Fiskeri


Alt fiske etter snabeluer, og bifangstfiske av nemneverdig omfang, føregår med trål. Fisket etter snabeluer blir regulert ved hjelp av bifangstreglar og stengde område. Førebelse tal for 2006 viser at ca. 4 000 tonn er fiska som bifangst med botntrål og heile 22 000 tonn med flytetral i internasjonalt



Figur 1.5.5.1

Utviklinga av snabeluerbestanden slik den er registrert på instituttets tokt nord for 69°N i Barentshavet og ved Svalbard. Mørkt område: umoden 15–29 cm snabeluer (antal i millioner). Lyst område: snabeluer (antal i millioner) større enn 30 cm. Nedgangen etter 2003 skuldast mest sannsynleg utvandring til Norskehavet. 0-gruppeindeksen (frå årleg tokt med flytetral i Barentshavet/Svalbard) er vist som mål på rekrutteringa (søyler).

Sebastes mentella in Sub-areas I and II. Development of the stock as observed and estimated from scientific surveys north of 69°N since 1986. Bars: 0-group index as an index for the recruitment to the stock. Dark area: immature 15–29 cm fish (numbers in millions). Light area: number of fish larger than 30 cm.



Figur 1.5.5.2

Landa fangst av snabeluer i ICES-område I og II i perioden 1965–2006. Raud del av søyler: norske landingar (i tusen tonn). Blå del: andre land sin rapporterte fangst. For 2004–2006 er fangst rapportert tatt med flytetral i Norskehavet inkludert.

Sebastes mentella in Sub-areas I and II. Total international landings 1965–2006 (thousand tonnes). Red part of bars: Norwegian landings. Blue part: other countries. For 2004–2006, catches reported taken by pelagic trawl in the Norwegian Sea are included.

Deep-sea red fish in ICES sub-areas I and II

Recruitment failure has been observed in surveys for more than a decade. The only year classes that can contribute to the spawning stock are those prior to 1991, as the following 15 year classes are extremely poor. Consequently, these year classes need to be protected. It is believed that such protection on the continental slope already has caused the slight improvement of recent 0-group abundance. Based on estimates of current spawning stock biomass and the size of year classes in the

1990s, this stock will not be able to support a directed fishery for several more years. Rather, it will be necessary to prevent the stock from declining further and to maintain measures to protect the stock from by-catch in other fisheries.

The measures introduced in 2003 should be continued, i.e., there should be no directed trawl fishery on this stock, and the area closures and low by-catch limits should be retained, until a significant increase in the

område (“Smuthavet”) i Norskehavet. Av dette har Noreg fiska høvesvis 2 000 og 9 000 tonn. Bortsett frå Russland, fiskar alle andre land årleg mindre enn 200 tonn snabeluer som bifangst i botntrål (Figur 1.5.5.2.) Eit viktig bidrag til gjenoppbygginga av denne snabeluerbestanden (under føresetnad av at snabeluerfisket i Norskehavet blir stoppa) er avtalen om å redusere maksimum tillaten bifangst av uer i rekefisket frå 10 til 3 individ per 10 kg reke frå og med 2006.

Med gjeldande bifangstreguleringar av alt botntrålfiske, og gradvis betre yngelførekomstar av snabeluer i Barentshavet, kan eit realistisk mål vere å få denne snabeluerbestanden fjerna frå ’Raudlista’ når den skal reviderast i 2010. Det store og uregulerte flytetrålfisket i Norskehavet gjer likevel at noverande hausting av denne bestanden ikkje er bærekraftig.

Utbreiing i Norskehavet

Det har lenge vore kjent at utbreiinga av dei to uerartane også strekkjer seg pelagisk utover i det sentrale Norskehavet, særleg snabeluer. Mengdene av snabeluer midt ute i Norskehavet har vore sett på som små. Dette fordi fiskarar har fått lite bifangst i løpet av fleire års intensivt silde- og kolmulefiske i desse områda, og fordi ein ikkje har registrert noko ekstra med yngel som eventuelle ukjente førekomstar av kjønnsmoden fisk her ute ville ha produsert.

For første gong vart det i 2004 rapportert om regulære kommersielle fangstar av snabeluer frå den sentrale og internasjonale delen av Norskehavet. Russland rapporterte då om 1 510 tonn snabeluer tatt som bifangst i deira kolmule- og sildefiskeri. For 2005 rapporterte Russland om 3 299 tonn snabeluer tatt i same område. Av andre land var det berre Tyskland som rapporterte om mindre bifangstar, men vi veit også om at andre land har fiska snabeluer her utan å rapportere dette særskilt. Dei fleste fangstane består av 30–40 cm snabeluer tatt på 300–400 meters djup.

spawning stock biomass (and a subsequent increase in the number of juveniles) has been detected in the surveys. In addition, measures to prevent high catches and by-catches in the pelagic trawl fisheries in the Norwegian Sea seem necessary. An important contribution to rebuild the stock is the agreement with Russia to reduce the legal by-catch of redfish in the shrimp fishery from 10 to 3 specimens per 10 kilograms of shrimp.

Foto: Thomas de Lange Wennéck



Hausten 2006 var det eit stort fiskeri (til no innrapportert 22 000 tonn) i den nordlege delen av det internasjonale området i Norskehavet, med opptil over 30 trålarar, av desse tre norske.

Havforskningsinstituttet meiner dette er den nordaustarktiske snabelueren som i mange år har vore verna med strenge reguleringar i norsk økonomisk sone og ved Svalbard for å bygge opp igjen bestanden. Ein brå nedgang i målte mengder av snabeluer inne på kontinentalskråninga og -sokkelen, truleg i løpet av første halvår 2004, fell saman med tida for massiv utvandring til Norskehavet og fiskbare konsentrasjonar

der ute, særleg i den nordaustlege delen av internasjonalt område. Dette synet støttar ICES. Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC), som regulerer alt fiske i dei internasjonale områda i Nordaust-Atlanteren, har difor vedteke stans i dette snabeluerfisket fram til og med juni 2007 i påvente av meir presis identifisering av opphavet til denne snabelueren. Havforskningsinstituttet deltek no saman med Færøyane, Island og Russland i eit intensivt arbeid for å få dette betre dokumentert i løpet av første halvår 2007. Instituttet vil også kartlegge eventuelle førekomstar av snabeluer i Norskehavet på sine tokt i mai og september 2007.

Snabeluer

Sebastes mentella

Andre norske namn:

Nebbuer, djuphavsuer

Familie:

Scorpaenidae

Maks storleik:

47 cm og 1,3 kg

Levetid:

Over 70 år

Leveområde:

Barentshavet, Svalbard og kontinentalskråninga (400–600 m) mot Norskehavet sør til britisk sone.

Føretak også næringsvandringar ut i det pelagiske Norskehavet (300–450 m)

Hovudgyteområde:

Langs heile eggakanten frå britisk sone til Bjørnøya

Gytetidspunkt:

Mars–april

Føde:

Plankton viktigast dei første leveåra. Deretter større plankton og fisk

Særtrekk/artighet:

Ueren ynglar, dvs. han "gyt" levande larvar

Fakta om bestanden

Snabeluer føder levande 4–6 mm yngel i mars–april. Veksten fram til kjønnsmoden storleik og alder er nokså lik vanleg uer. Snabeluer større enn 47 cm blir sjeldan observert, og ein fisk på denne storleik kan vere 50–70 år gamal. Snabelueren går ikkje inn i Nordsjøen, men lever langs kontinentalskråninga mot Norskehavet på 400–600 meters djup frå Shetland og nordover til Andøya. Her finst det lite snabeluer mindre enn 28–30 cm. Nord for Andøya finst snabeluer også grunnare, og Barentshavet og Svalbard (også nord for Spitsbergen) er oppvekstområdet for denne arten. Yngleområdet strekkjer seg langs eggakanten frå Shetland til Tromsøflaket, og i Barentshavet er det vist "gytevandring" av hofisk mot dette området.

Dyreplankton som raudåte, krill og marflo (amfipodar) er viktigaste føde for snabelueren dei første leveåra. Deretter går han gradvis over til å beite meir krill og fisk. I tidlegare år, då rekrutteringa av snabelueryngel var god og stabil, utgjorde snabeluer under 25 cm rundt 10 prosent (i vekt) av dietten til nordaustarktisk torsk. Også blåkveite beitar på snabeluer. Larvar og liten ueryngel (ikkje artsbestemt) har dessutan blitt observert i sildemagar. Det er ikkje påvist endringar i gytealder, produksjon eller utbreiing som eventuell følge av endringar i klima. Det kan likevel ikkje utelukkast at det kan vere ei medverkande årsak til større utvandring til det sentrale Norskehavet sidan 2003.

